



## // REFERAT

// Møtedato: 24.10.18

// Tilstede: Vibeke Kårstad, Mette Aske, Gyongyi Soyer Monica Solberg Hansen, Anne T. Sirevåg, Anneline Teigen.

// Forfall: Oddrun Strand Rangnes, Marianne O. Klengsen, Nina Galta, Helge Kvamme og Pål Berger.

// Referent: Anne Sirevåg

// Kopi til: Egil Tengs, Anneline Teigen, Janne Sigbjørnsen Eie, John Lende

Deres ref:

Vår ref: 18/839

Vår dato: 02.11.2018

## Referat frå møtet 24.10.18

### 1. Frå offer til Kriger (frå ufør og ut i arbeid), v/Linda Øye (informasjon)

Linda Øyen har lang historie i psykiatrien. Har vore innlagt 9 år til saman. Hadde umedviten innteke ei offerrolle. Vart bevisst på dette og bestemte seg for å heller vera ein kriger og hu lagde ho eit kurs for å lære andre det same. Diagnosane til deltakarane er irrelevante. Dei tilsette som er med og held kurset må ha erfaringskompetanse, ikkje berre erfaring. 18 av 22 deltakarar har kome tilbake i arbeid etter kurset. Ein rekrutterer via Facebook-sida Fra offer til kriger og det er deltakarane sjølv som tek kontakt. Kurset varer i 6 mnd. og er meint å vera eit supplement til helsevesenet. Det begynte som eit tilbod til personar med psykiske lidningar, men ein kan vera psykisk sjuk utan å ha ei psykisk lidning. Alle som er med har likevel ei

---

### NAV ROGALAND // ARBEIDS- OG VELFERDSETATEN

Postadresse: Postboks 420 // 4002 STAVANGER

Besøksadresse: St.Svithunsgate 5 // 4002 Stavanger  
Tel: 55 55 33 33 // Faks:

www.nav.no // nav.rogaland@nav.no

kronisk lidning. Mange kan ta ei offerrolle uansett. I kurset er ein oppteken av å ikkje fokusere på diagnose, men på draumane til den enkelte.

Nokre deltakarar får det som eit tiltak av NAV, nokon får det via kommunane. Dei har og en privat del som heiter Drømmefangerne som rettar seg meir mot den private marknaden. Det er åtte samlingar på 6 mnd. Målet er at kurset skal verta overflødig for deltakarane. Det er ikkje ein fast dag for samlingane, men opp til deltakarane når samlingane er. Mange vil være normale, men normalen finns ikkje. Felles for alle draumane at dei handlar om at ein ynskjer å høyre til. Nedre aldersgrense er 18 år, ingen øvre grense.

Ein jobbar ikkje med å finne jobb, men ein kan hjelpe med å førebu seg til jobbintervju f.eks. Fokus på å finne det sterke i det svake. Veldig mange av deltakarane har opplevd å vera arbeidslause lenge. Det er òg mange som har falt ut av skulen. Held til i Høleberggata. Startar opp eit nytt kurs i desember.

## 2. Info frå organisasjonane – kva skjer? v/alle. (Informasjonssak)

Kreftforeningen: fokus på brystkreft i oktober. Har vore på brukerrepresentantkurs. Forteller meir om dette på neste møte.

FFO v/blindeforbundet: har hatt lite tilgang til informasjon fordi dei manglar daglig leiar.

Blindeforbundet er aktiv i lobbyverksemd når det gjeld statsbudsjettet. Inviterer til leiarsamling for forskjellige organisasjonar 15. november. Astma- og allergiforbundet har fokus på at mange slit med parfyme og f.eks. appelsin. Det er det ikkje så mange som veit. FFO jobbar med ny organisering.

NHF/SAFO: NHF har eit prosjekt å med å utdanne ambassadørar som går inn i skuler for å undervise om det å ha ei funksjonsnedsetting. Region Sør-Vest er i gang i Hordaland. Det same skal gjerast i Rogaland. NHF har stand på IA-dagen i Hordaland.

## 3. Orientering om arbeidsmarknaden , v/ Anneline Teigen (informasjonssak)

Arbeidsløysa var på 6138 personer i juni 2014, i januar 2017 var 14987 arbeidslause. Nå er det 8106 personar som er arbeidslause. Vi forventar framleis nedgang i 2019. Arbeidsløysa

minkar mest i ingeniør og IKT-fag. Bygg og anlegg har òg stor nedgang. Nedgangen er stor i alle bransjar. Vi var redde for at dei som har vore lenge arbeidslause skulle bli ståande utanfor arbeidslivet lenge. Vi ser heller at denne gruppa minkar raskast. Reduksjonen er ikkje like stor for dei som har vore arbeidslause meir enn to år, men auka har i alle fall stoppa opp. Dei vert følge tett opp. Mange av desse snakkar dårleg norsk. Kva oppfølging dei får, er individuelt. Nedgangen i arbeidsløysa er like stor blant dei som er mellom 55 og 60 år. Ikkje like stor for dei over 60.

Framover vil vi få ei utfordring med å få tak i nok kvalifisert arbeidskraft fordi mange manglar utdanning. Vi må sjå på arbeidskraftreservent for å sjå om dei kan være aktuelle for stillingane. Det kan f.eks. være personar som i dag får AAP. NAV må halde god kontakt med næringslivet for å halde fokus på Inkluderingsdugnaden. Arbeidsgjevarar må oppmodas til å vurdere om kvalifikasjonskrava dei har til nye stillingar er absolutte. Mange går ned på krava dersom ein ikkje få kvalifiserte kandidatar. Kanskje kan arbeidsgjevar fylje opp kvalifikasjonane og då kan NAV delvis dekkje utgifter til dette under visse føresetnader.

#### 4. Aksjonsliste, v/ Mette Aske (innspill)

NAV har undersøkt kor mange kontor som har leieliner i mottaksområdet. Det viser at dei aller fleste kontora ikkje har leieliner. Dette vil vi gjere noko med. Det må være ledelinje på kvart kontor til ein stad der ein kan bli møtt.

Helge og Nina utgjer i dag arbeidsgruppa som skal få jobba med å få unge engasjert. Organisasjonane ynskjer at det vert laga eit informasjonsskriv til organisasjonane som kan gjer vidare til eventuelle ungdomsorganisasjonar. Brukarutvalet ber arbeidsgruppa skrive dette til neste møte.

Aksjonslista vert sendt ut saman med referatet.

#### 5. Informasjon om Recovery College, v/ Per Berger (informasjon)

Utsett til neste møte.

6. Inkluderingsdugnaden ved rekruttering i NAV Rogaland, v/Anne Torunn Sirevåg  
Inkluderingsdugnaden har utgangspunkt i IA-avtalen delmål 2 om å «hindre frafall og øke sysselsettingen av personer med nedsatt funksjonsevne». Arbeid med dette målet har til nå ikkje hatt ønska resultat. Dugnaden skal gje bedrifter er særlig oppmoding om å tilsette personar med nedsett funksjonsevne og personar med hol i CV-en. For staten sin del betyr dugnaden at minst 5 % av nytilsette skal ha nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en i løpet av eit år. Verksemdene skal rapportere på dette kvart år. Alle einingar i NAV i Rogaland vert rekna som ei verksemd.

Ein vert rekna for å ha nedsett funksjonsevne viss ein sjølv har kryssa av i søknaden for at ein har nedsett funksjonsevne. Viss det i dialog om tilrettelegging, eller på ein anna måte, kjem frem at den nytilsette har nedsett funksjonsevne som vil krevje tilrettelegging på arbeidsplassen eller i arbeidsforholdet, skal tilsettinga tellas med i statistikken.

Viss den nytilsette har eit hol i CV-en på minst 2 år der personen ikkje har vore i arbeid, utdanning eller under opplæring, skal tilsettinga tellas med. Sjølvvalde opphald skal ikkje reknas med.

Staten er pålagt å tilsette den som er best kvalifisert for ei stilling, kvalifikasjonsprinsippet. Det har lenge vore unntak for personer med nedsett funksjonsevne viss ein søker er tilnærma like godt kvalifisert som den best kvalifiserte. Kommunal- og moderniseringsdepartementet jobbar med å få inn same unntak i lovverket for dei med hol i CV-en.

NAV brukar eit digitalt rekrutteringsverktøy der ein kan krysse av på at ein har ei funksjonsnedsetting. I dag må ein særlig grunngje kvifor ein eventuelt vel å ikkje kalle vedkomande inn til intervju. Det vil verta det same med dei med hol i CV-en. Ved rekruttering skal ein kalle inn minst ein kandidat med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en til intervju. I NAV i Rogaland er det det enkelte kontor og leiar som rekrutterer. Vi har gitt informasjon ut til kontora om dei nye krava. Dei er òg oppmoda til å kontakte NAV-kontor for å finne aktuelle kandidatar på same måte som andre arbeidsgjevarar.

Alle tilsettingar i staten skal godkjennas av eit tilsettingsråd. De kontrollerer at kvalifikasjonsprinsippet og dei nye krava er fylgde.

7. Strategi for brukarmedverknad, vegen vidare – ny direktør snart på plass, v/Mette Aske (drøfting)

Strategien er ikkje enda endelig vedteken, men me kan vera førebudde på han. Det vil vera viktig å snakke med ny direktør om korleis ein skal jobbe med brukarmedverknad i Rogaland. Kva er viktige punkter vi vil vera med å påverke?

Kva prosjekt jobbar ein med nå? Ei utfordring er at mykje vert bestemt på nivået over oss. Vi må finne ut av kva som kan påverkas her.

Brukarutvalet vil gjerne møte IA-rådet.

8. Planlegging av møtet med Rogalandsbenken 16.11.18, v/Mette Aske (innspel)

Mette har ikkje anledning til å delta. Kan nokon andre være med? Vibeke blir med. Aktuelle tema bl.a. er inkluderingsdugnaden og anskaffingsregelverket i samanheng med dette. Dagpengar er ikkje like aktuelt lenger.

Mange kan falle ut etter fagutdanning fordi dei ikkje klarer å skaffe læreplass. Eit problem at skolen ikkje har ansvar for skaffe læreplass og følge opp lærlingane underveis.

9. Eventuelt

Informasjon om satsar for møtegodtgjæring vert sendt ut på e-post saman med referatet.